

## Forkorta årsmelding for OIL friidrettsgruppa 2013

---

### Styret

#### Samansetning

Leiar: Marit Iren Reigstad (2013)

Nestleiar/sportsleg leiar: Helge Tysse (2012-2013)

Skrivar: Herdis Helle (2013-2014)

Kasserar: Børt Magne Trå (2012-2013)

Oppmann 6-10 år: Per Inge Lillejord (2013-2014)

Oppmann 11-14 år: Frank Loftås (2013-2014)

Oppmann junior/senior: Arne Reigstad (2012-2013)

Styremedlem: Karoline Loftås (styremedlem/ungdomsrepresentant), Åse Bergheim (1. vara), Elin Kåstad (2. vara)

Valkomit : Karl Johan Reigstad, Øystein Borge, Vebjørn Borge.

#### Styret sitt arbeid

##### Styremøter

Styret har i driftsåret 2013 hatt fem styremøte og handsama 37 saker. Styret har utanom møta hatt hyppig kommunikasjon og avklart mindre saker per e-post.

##### Spesielle oppgåver

Typiske saker dette året har vore økonomi og sponsorarbeid, stemner og arrangement, kjøp av nytt tidtakarutstyr, samt innføring av lisensordning.

### Medlemstal

#### Medlemstal for 2013

	0-5 år	6-12 år	13-19 år	20-25 år	26 år og eldre	Totalt
<b>Kvinner</b>	0	48	25	5	35	113
<b>Menn</b>	0	38	28	5	55	126
<b>Totalt</b>	0	86	53	10	90	239

### Økonomi

Friidrettsgruppa i OIL har god økonomi. Me går i år med eit overskot på 58.421,90,-

På grunn av stor aktivitet og mange utøvarar som hevdar seg godt på nasjonalt nivå har me jamt over høge kostnader. Både dei siste åra og kommande to år har tidlegare NCC, no PEAB-lekene gjort det mogeleg å drifta dette utgiftsnivået. Av andre inntektsbringande arrangement er dei tre største Sport 1 Brakvatnet Halvmaraton og Bruviknipa opp. Sport 1 Brakvatnet Halvmaraton hadde overraskande stor deltaking og Bruviknipa Opp vonar ein at skal verta endå større. DNB Idrettsleker har i 2013 vore arrangert to gongar og gav gode inntekter.

I 2013 vart det brukt ein del pengar på kjøp av nytt tidtakarsystem som kan nyttast i eigne arrangement og som kan generera inntekter gjennom utleige av utstyr og kyndige operatørar til andre arrangement utanfor friidrettsgruppa i OIL.

## Vurdering av aktivitet i høve målsetjingane

I 2012 laga friidrettsgruppa ein handlingsplan der det er lista opp målsetjingar for åra framover, og kva tiltak som må setjast i verk for å nå dei. Hovudområda i handlingsplanen er økonomi, å halda på ungdommane, rekruttering og leiarrekruttering.

Økonomien i friidrettsgruppa er god, og me gjekk med eit solid overskot i 2013. Dette er med på å skapa ein buffer for framtida. Det har også blitt jobba bra med eksisterande og nye sponsorar. Helga Reigstad har lagt ned ein solid innsats for å skapa langsiktige kontraktar med eit innhald der me gjev sponsorane noko attende. Elles satsar gruppa på store dugnadar i form av arrangement, som PEAB-lekene, og mosjonsløp, som Bruviknipa opp og Brakvatnet halvmaraton, for å generera pengar. Mosjonsløp som ikkje gir nemneverdige inntekter er kutta ut, og det same er mindre dugnadsjobbar.

Gruppa har klart å halda på ungdommane dette året. I tillegg har det vore rekruttering til ungdomsgruppa og blant juniorane. Dette veg opp for manglande rekruttering blant borna, 4.-7. klasse. Trenardekninga er god, trenarane er engasjerte og dei legg ned mange timar kvar veke for å følgje opp både talenta og breidda. Samstundes har det diverre vore ein nedgang i medlemstalet blant dei aller yngste, og totalt i heile gruppa (sjå tabell under). Treningsgruppene kan bli flinkare til å gjennomføre vedtekne mottaksrutiner når nye born og ungdommar møter opp på trening.

I høve rekruttering av vaksne mosjonistar, ser me at det er mange innom mosjonsgruppetreningane, og dette er positivt. Me er likevel ikkje flinke nok til å få gjengangarane til å melde seg inn i klubben.

Eit anna mål har vore å få inn fleire kompetente menneske i ulike verv og funksjonar. Friidrettsgruppa har i år to nye ungdommar som tek Ung:leder-utdanning og me har fått inn fleire foreldre som hjelpetrenarar. Våren 2013 arrangerte me dommarkurs i samarbeid med kretsen, og friidrettsgruppa har no seks nye dommaraspirantar.

Elles vart alle planlagde stevne og mosjonsløp gjennomført i 2013.

Valestrand, 10. mars, 2014,  
Marit Iren Reigstad  
Leiar